



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7604 - 22/18758

Saksbehandlar:  
Lennart Falkenberg-Arell  
lennart.falkenberg-  
arell@alver.kommune.no

Dato:  
07.03.2022

## Løyve til mindre endring av detaljreguleringsplan for Kubbaleitet. PlanID 1263-201215

**Administrativt vedtak:** Saknr:  
**Tiltakshavar:**  
**Ansvarleg søkjar:**  
**Søknadstype:** Løyve til endring av reguleringsplan.

### VEDTAK

«Alver kommune godkjenner søknad om mindre endring av detaljreguleringsplan for Kubbaleitet med planID 1263-201215, slik det går fram av plankart datert 3.2.2022 og føresegner datert 11.8.2020. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.»

### Bakgrunn for søknad

Alver kommune har motteke søknad om mindre vesentleg endring av detaljreguleringsplan for Kubbaleitet, planID 1263-201215. Formålet med endringa er å justere føremålsgrenser mellom byggeområdet BB5 og felles leikeplass f\_L10, slik at dei samsvarer med det praktiske/nødvendige arbeidet med garasjekjellar for BB5. Arealet er ca. 60 m<sup>2</sup>. For å kompensere vil BB5 gje frå seg tilsvarende areal til f\_L10, f\_L9 og f\_L7.

### Planprosess

Forslag til planendring har vore ute på ei begrensa høyring for tilgrensande grunneigarar og offentlege mynde. Det er ikkje motteke nokre merknadar på saka.

### Vurdering

Kommunen vurderer det slik at endringane ikkje vil ha noko verknad for gjennomføringa av planen for øvrige, at dei ikkje vil gå ut over hovuddrammene i planen og at dei ikkje vil råke omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Kommunen vurderer at endringane er så små at dei fell inn under planendingar som kan handsamast administrativt utan politisk handsaming, jf. Pbl § 12 -14 og Alver kommune sitt gjeldande delegeringsreglement. Kommunen har

vurdert den innkomne søknaden og kan ikkje sjå at endringane vil medføre ulemper for naboar i og utanfor planområdet.

### **Om klage og verknad av plan**

Vedtaket om godkjenning kan klagast på av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf. Plan og bygningslova § 12-12 tredje ledd. Klagefristen er 3 veker frå denne kunngjeringa, jf. Forvaltningslova § 29. Eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Alver kommune si plan og byggesaks avdeling ved følgjande adressat:

Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug, eller som e-post til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jf. Plan- og bygningslova § 12-4. Det vert og vist til plan- og bygningslova §§ 15-2 og 15-3 om krav til innløyising og erstatning for tap ved reguleringsplan. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Forvaltningslova § 27 bokstav b.

### **Gebyr**

Det skal betalast gebyr for handsaming av reguleringsplan med små endringar som kan avgjerast administrativt, jf. Gebyrregulativ § 1.1.6. Gjeldande sats for denne handsaminga er kr 25.625,-.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*